



Månadsbrev februar 2020

I januar var 15 elevar frå Outdoor college på besøk på Sinnes, og dei hadde tre aktive og engasjerte timar saman med 7.-10. klasse. Det gjekk i speeddate på engelsk, ulike TL-aktivitetar og pølse og saft, og me er inviterte ned til Lunde før vinterferien. TL-elevane hadde eit flott TL-mester-møte i Kvinesdal.

Mange har allereie respondert på skjemaet i Visma flyt skule om de ynskjer at barnet skal dusja etter kroppsøvingstimen, men me ynskjer svar frå alle. Skil kommunikasjonen i dette systemet fungera, er det viktig at alle loggar seg inn, registrerer samtykkeskjema og nyttar fråvær og meldingar. Det er litt forskjell i appen og via PC, men berre prøv, så finn me ut av det etter kvart.

Februar byrja med morgonsamling måndag 3. der 1. og 2. klasse mellom anna snakka om månadens sosiale mål om å kunna setja ord på egne kjensler og opplevingar, som dei samstundes viste døme på. I tillegg fokuserte dei på samane som har nasjonaldag 6. februar med song, joik og artikkel 30 i Barnekonvensjonen. "Det har ikkje alltid vore lett å vera same i Noreg. Lenge fekk dei ikkje lov å snakka samisk eller joika. Heldigvis har dette forandra seg. Me hadde ikkje heller likt det om me plutselig ikkje fekk lov å snakka norsk, gå med bunad eller bruka flaget vårt. Difor synest me at artikkel 30 i barnekonvensjonen er ein bra regel!"



10. klasse skal ha MOT-samling 5. februar på Tonstad, og 17. februar er det elevrådsmøte. De finn referata på heimesida etter kvart. 17.-18. planlegg valfag fysisk aktivitet og helse lunsj til lunsj-tur til Kvinnen. 18. februar får me besøk av arbeidstilsynet, og Rambøll AS, som er leigd inn som nøytralt, eksternt konsulentfirma for å vurdere ombyggingsplanane, har allereie vore her.

Skulehelsetenesta arrangerer konkurransen "Aktiv ute 2020" fram til veke 12, og har du ikkje sett forslaget til aktivitetar og registreringsskjema, så spør ungen din etter det. Få med flest mogleg, for nå er det i alle fall snø å basa i.



Anne-Cath. Vestly hadde blitt 100 år 15. februar om ho hadde levd, og i høve dagen har den nye skulebibliotekaren, Anne Grethe, laga ei fin utstilling. Sjekk gjerne ut den i opningstida på filialen måndagar kl. 17.00-20.00. Det er lov å låna ei bok eller to òg!

Fredag 21. februar blir det Abeldag i 1.-3. time, og brått er det vinterferie og ny måned. Med ynskje om ei fin vinterferieveke til alle!

Sinnes 03.02.20, *Ase-Berit* (rektor)